

Til
Barne- og Familiedepartementet

HØYRINGSUTTALE OM NY BARNEHAGELOV FRÅ HERØY KOMMUNE

Herøy kommune synes det er positivt at det blir arbeidd for at barnehagelova skal styrke føresetnadane for barnehagane kan gi barn omsorg og eit godt pedagogisk tilbod, samt forenkla regelverket slik at det blir ei ryddig ansvarsfordeling og stabile rammer.

Det som mest vil bidra til å gi barnehagane denne føresetnaden er etter vår meining å sikre dagens krav til førskulelærerutdanning for både styrarar (dagleg leiar) og pedagogiske leiarar samt vidareføre dagens norm om pedagogtettleik.

Dette vil sikre at barnegruppene ikkje blir for store. Blir barnegruppene større og personalet med førskulelærerutdanning færre, vil det bli svært vanskeleg å oppfylle barnehagelova sitt krav om kva innhaldet i barnehagane skal vere.

Den økonomiske situasjonen er ikkje slik i kommunane og i dei private barnehagane at vi trur det blir tilsett fleire førskulelærarar dersom kravet om utdanning blir oppheva.

Dagens lov gir ei god hjelp til administrasjonen i kommunane om å kreve at ein lyser ut i pressa etter personale med førskulelærerutdanning før ein eventuelt må gi dispensasjon frå utdanningskravet.


For å sikre barn i barnehage gode leike – og opphaldsareal, er det viktig å praktisere eit minstemål av arelnorm utan at dette treng vere fastsett i overordna vedtekter.

Kommunane får utvida sitt ansvarsområde, og det ser ut til at det blir lagt opp til meir bruk av skjønn. Skal kommunane kunne utøve si plikt som barnehagemyndigheit, er det viktig med barnehagefagleg kompetanse i kommuneadministrasjonen.

Herøy kommune ser positivt på at den kristne formålsparagrafen blir vidareført samt endringane i §2, kap II §3, kap II §§6, 7, 8 og 9.

Staten har praktisert for stor grad av detaljstyring overfor kommunane på barnehagedrifta. Dette strid mot prinsippet om kommunalt sjølvstyre, og endringa i barnehagelova bør byggje på prinsippet om reell lokalt sjølvstyre.


Rune Sjørgard


Laila K Solhaug

ANGÅANDE HØYRING PÅ FORSLAG NY LOV OM BARNEHAGAR.

Utdanningsforbundet Herøy har venta med spenning på høyring om ny lov om barnehagar. Vi ønskjer å kome med desse synspunkta på denne høyringa:

- * Vi meiner at det er svært viktig at vi har normer og klare lovtekster. Då veit alle barnehage eigarar, personale og foreldre kva ein har å forhalde seg til.
- * Vi er glade for at departementet ikkje vil forandre på barnehagens føremålsparagraf. Vi meiner at den ligg i botnen for alt arbeidet som vert gjort i barnehagen.
- * Når det gjeld barnehagens innhald er den gjort meir detaljert og konkret, og det meiner vi er svært positivt. Vi synst det er viktig at barnehagen fortsatt skal være ei pedagogisk verksemd, og at departementet fortsatt skal fastsetje rammeplan for barnehagen.
- * Vi ønskjer at den veiledande norm for barns leikeareal inne og ute skal oppretthaldast.

- * Utdanningsforbundet Herøy meiner det er svært viktig at det finnast ein styrar med førskulelærer utdanning i kvar barnehage, slik lova seier i dag. Dette for å tydeleggjere at barnehagen er ei pedagogisk verksemd.
- * Ein styrar skal ha det daglege ansvar for det pedagogiske innhaldet, personale og den administrative leiinga. Lova opnar no for at andre yrkesgrupper skal kunne erstatte førskulelærarane. Målet for utdanningsforbundet er å auke pedagog tettheita i barnehagen.
Vi ønskjer andre yrkesgrupper velkomne, men førskulelærarane skal ha det pedagogiske ansvaret. Rett yrke på rett plass.
- * Vi har no ein sikringsbestemming om krav til førskulelærer utdanning for å oppnå pedagogisk kvalitet i det tilbodet barna mottar i den tida dei oppheld seg i barnehagen.
- * Det er viktig at dagens norm for pedagogtettleik vidareførast i føreskrift til ny barnehagelov.
 - Vår bekymring går mot at ein svakare kommune økonomi kan skape store skilnader i barnehagetilbodet i kommunane.
Opphever dei areala normene betyr det at barnehageeigarar kan auke antalet barn i barnehagen. På den måten kan kommunen oppnå målet om full barnehagedekning utanom å bygge nye barnehagar.

*** Derfor må lova sikre at:**

- det er eit rett forhold mellom antal barn og antal førskulelærarar
- at barnehagen ledest av førskulelærarar
- at lønns og arbeidsvilkår ikkje er til hinder for at førskulelærarar vil jobbe i private barnehagar.
- alle barn har rett til ein god barnehage – uansett kvar dei bur eller kva for bakgrunn dei har.

Utdanningsforbundet Herøy
v/ Mariann, Eli, Reidun og Monica.

Eggesbønes 13.12-2004.

NASJONALT FORELDREOPPROP I FORBINDELSE MED FORSLAG TIL NY BARNEHAGELOV

Til barne- og familieminister Laila Dåvøy

I høringsnotatet om ny barnehagelov foreslår barne- og familiedepartementet blant annet at dagens lovfestede krav om førskoleutdanning hos barnehagestyrer og øvrig personale, samt dagens krav om pedagogtetthet, tas bort. Det foreslås også at dagens arealbestemmelser ikke videreføres. Departementet ønsker at det skal være opp til den enkelte kommune å avgjøre hva som er pedagogisk forsvarlig ledelse og drift, og hva som er hensiktsmessig størrelse på barnegruppene. Samlet gir dette kommunene tilgang til å øke barnegruppene uten å samtidig øke hverken bemanningen, den pedagogiske kompetansen i barnehagen eller barnas lekeareal. Vi ser i høringsnotatet at forslaget til innholdsparagraf skal være en garanti for at dette ikke skjer, men vi er svært bekymret for at kommunenes økonomi vil styre hvor mye innholdsparagrafen blir vektlagt. Hvorfor ta denne sjansen?

Vi mener at dagens barnehage tilbud bør styrkes fremfor å forringes. Lovforslaget vil bidra til at barnehagene i større grad blir en oppbevaringsplass, fremfor et sted som bidrar til utvikling og vekst. Barne- og familiedepartementet signaliserer gjennom dette forslaget et verdisyn på små mennesker som vi ikke kan akseptere!

- Vi krever**
- at styrer skal ha førskoleutdanning.
 - at pedagogisk leder skal ha førskoleutdanning.
 - at normen for pedagogtetthet økes.
 - at dagens arealbestemmelser videreføres.

- Fordi vi vil**
- at barna våre skal være trygge i barnehagen.
 - at barna våre skal få utfordringer tilpasset deres alder, utvikling og funksjonsnivå.
 - at barna våre skal utvikle sosiale ferdigheter og forståelse for andre mennesker.
 - at barna våre skal ha daglige mestringsopplevelser og utvikle et positivt selvbilde.
 - at barn med ulike særskilte behov skal få den oppfølging og støtte de har behov for.

Fordi vi er glade i barna våre!!!!

_____, på vegne av foreldrene til _____ barn i
Signatur leder av foreldrerådet ant. barn i barnehagen

_____ barnehage i
Navn på barnehagen

_____ kommune i _____ fylke.
Navn på kommunen Navn på fylket